

## **Støtte til nærmiljøtiltak/anlegg.**

### **Retningslinjer.**

Sogndal kommune vil årleg sette av midlar til nærmiljøanlegg og leikeplassar. Desse er viktige for eit godt bu-miljø, trivsel og fysisk aktivitet.

### **Formål**

Ordninga gjeld støtte til fysiske tiltak og utbetringar av nærmiljøanlegg og leikeplassar og skal bidra til

- å realisere mindre tiltak som kan bidra til fysisk aktivitet og betra folkehelse
- stimulere og støtte lokale initiativ til fleire og betre lokale trivselstiltak
- fremje lokale møteplassar og det sosiale livet i nærmiljøa
- auka trivsel, attraktivitet og aktivitetar i lokalsamfunnet / der folk lever og bur.

### **Kven kan søke:**

Grendelag, velforeiningar, burettslag, frivillige lag og organisasjonar, grupper og stiftingar kan søke. Kommersielle firma/entreprenør/utbygger vil normalt ikkje få støtte frå ordninga direkte, men kan gjerne vere med å medfinansiere tiltaket i form av arbeid, varer eller tenester.

### **Kva kan det søkast om støtte til**

Støtteordninga gjeld støtte til fysiske tiltak, utstyr og utbetring av eksisterande nærmiljøanlegg. Dette kan vere leikeplassar, leikeapparat, aktivitetsapparat, kortare turstiar/-vegar og liknande. Tiltak for betra folkehelse, born, unge og eldre er prioritert. Døme på aktuelle tiltak som kan få støtte:

- innkjøp av leikeapparat på fellesareal
- bygging av mindre nærmiljø-/aktivitetsanlegg
- forbetre/etablere lokal samlingsplass
- ny opparbeiding og utbetringar av/på eksisterande leikeplass
- lage/utbetre turstiar/korte turvegar
- gjere kulturminne tilgjengelege
- aktivitetar

Kommunen ønskjer å oppmuntre til kreativ satsing i nærmiljøet - til å gå nye vegar. Borne- og ungdomstiltak går ut på å legge tilhøva til rette for at born og unge skal trivast og utfalde seg der dei bur. Samarbeid mellom to eller fleire lokale lag/foreiningar som stimulerer til kontakt på tvers av nærmiljøområda for å utvikle nye møteplassar og aktivitetar der folk kan treffast og gjere noko saman er positivt.

Søknaden skal innehalde følgjande opplysningar:

- eigedomstilhøve for arealet
- kart som viser kor anlegget ligg
- teikning/skisse
- budsjett for tiltaket
- ved søknad om aktivitet, er omtale av aktiviteten og budsjett nok

### **Føresetnad for tilskot**

For å få tilskot krev ein følgjande:

- anlegget skal vera tilgjengeleg for alle
- utbygger/søklar må eige arealet eller ha disposisjonsrett i brukstida
- leikeplassutstyr må vera godkjent
- utbygger/søklar er ansvarleg for tryggleiken i nærmiljøanlegga
- aktivitetar det vert søkt om, skal omfatte fleire og skal fremje aktivitet og folkehelse
- anlegg og tiltak må ta klima- og miljøomsyn, både med omsyn til materialbruk og lokalisering.

### **Søknadssummar:**

Anlegg: Normalt vil støttebeløp til anlegg vere inntil 80 000 kr.

Aktivitetsmidlar: Det kan søkast om aktivitetsmidlar inntil 10 000 kr.

For søknader under 10 000 kr., er det løpande søknadsfrist. For større summar er det tildeling to gonger i året.

Det vil telje positivt om dugnadsinnsats inngår.

Det vert ikkje gitt tilskot til ordinært vedlikehald eller drift.

### **Krav om rapportering**

Tilskotsmottakar rapporterer til kommunen i tråd med rapporteringsplikta som vert vist til i tilskotsbrevet.

### **Kontroll**

Sogndal kommune kan utøve kontroll med bruken av tilskotsmidlane, m.a. gjennom rett til innsyn i budsjett, rekneskap, dokumentasjon og oppsyn med tiltaket det er søkt støtte for.

### **Tilbakeføring eller bortfall av tilskot**

Tilskot vert ytt til tiltak og mål som kjem fram i søknaden om støtte. Om tilskotet ikkje vert brukt til det omsøkte tiltaket, tilbakefører søker midlane til Sogndal kommune.